



MØTEPROTOKOLL

OMBODSUTVALET

Møtedato: 08.12.2021
Møtestad: Fomannskapssalen
Møtetid: 14:30 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Renathe Vik	SP	Utvalsleiar
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Nestleiar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Evy Beate Kvamme	SV	

Evy Kvamme deltok på møte i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Det var for kort tid til å kalle inn vara då dette vart oppdaga.

Andre møtande:

Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2021	RAMMER FOR GJENNOMFØRING AV FJERNMØTE



01/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Ombudsutvalet 08.12.2021

Behandling:

Samrøystes godkjent.

OMB - sak 01/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Ombudsutvalet 08.12.2021

Behandling:

Samrøystes godkjent.

OMB - sak 02/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

03/2021: RAMMER FOR GJENNOMFØRING AV FJERNMØTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek følgjande rammer for fjernmøte:

1. Folkevalde organ kan gjennomføre politiske møte som fjernmøte, som eit sekundært



- alternativ til fysiske møte.
2. Eit møte som er lukka etter kommunelova §11-5 kan ikkje gjennomførast som fjernmøte, dersom ikkje Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjev mellombels unntak frå kommunelova §11-5.
 3. Leiar for det folkevalde organet bestemmer om møtet skal gjennomførast som eit fjernmøte ved utsending av innkalling. Årsaka skal koma klart og tydeleg fram i innkallinga
 4. Ved hastesaker, jamfør kommunelova §11-5 kan organet innkalle til hastefjernmøte, som eit sekundært alternativ til fysiske møte.
 5. Etter at innkallinga er sendt ut kan leiar for det folkevalde organet endre til fjernmøte dersom det oppstår uføresette hendingar som begrensar gjennomføring av møtet med fysisk oppmøte.
 6. Det vert ikkje opna for at enkeltmedlemmer kan delta i ordinære folkevalde møter frå digitale plattformer.
 7. Ved gjennomføring av eit fjernmøte, skal ein ha som hovudregel at medlemmene skal kunna sjå kvarandre, unntaket gjeld ved tekniske utfordringar. Då vil det vere mogleg å delta med lyd.
 8. Dersom eit politisk møte vert gjennomført som eit fjernmøte, skal det vere høve for publikum og presse å følgja møtet med lyd og bilete.

Rammer for fjernmøter vert teke inn i dei folkevalde organa sine reglement.

Fellesforslag til nytt pkt. 3, ført inn i møteportalen av Ståle Kallestad Hesjedal:

3. Leiar for det folkevalde organet bestemmer om møtet skal gjennomførast som eit fjernmøte ved utsending av innkalling. Det skal vera gode grunnar til å gjennomføra fjernmøte og årsaka skal kome klart og tydeleg fram i innkallinga.

Fellesforslag til ekstra pkt. 9, ført inn i møteportalen av Ståle Kallestad Hesjedal:

9. Ved fjernmøte i kommunestyret skal det leggjast til rette for at open halvtime kan gjennomførast

Ombudsutvalet 08.12.2021

Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Som erstatning for punkt 3 la utvalet fram følgjande forslag til vedtak:

3. Leiar for det folkevalde organet bestemmer om møtet skal gjennomførast som eit fjernmøte ved utsending av innkalling. Det skal vera gode grunnar til å gjennomføra fjernmøte og årsaka skal kome klart og tydeleg fram i innkallinga.

Utvalet la fram punkt 9 som tilleggsforslag:

9. Ved fjernmøte i kommunestyret skal det leggjast til rette for at open halvtime kan gjennomførast.



Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med unnatak av punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Utvalet sitt forslag som erstatning for kommunedirektøren sitt punkt 3 vart samrøystes vedteke,

Utvalet sitt forslag til punkt 9 vart samrøystes vedteke.

OMB - sak 03/2021 Vedtak/Tilråding:

Ombudsutvalet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek følgjande rammer for fjernmøte:

1. Folkevalde organ kan gjennomføre politiske møte som fjernmøte, som eit sekundært alternativ til fysiske møte.
2. Eit møte som er lukka etter kommunelova §11-5 kan ikkje gjennomførast som fjernmøte, dersom ikkje Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjev mellombels unntak frå kommunelova §11-5.
3. Leiar for det folkevalde organet bestemmer om møtet skal gjennomførast som eit fjernmøte ved utsending av innkalling. Det skal vera gode grunnar til å gjennomføra fjernmøte og årsaka skal kome klart og tydeleg fram i innkallinga.
4. Ved hastesaker, jamfør kommunelova §11-5 kan organet innkalle til hastefjernmøte, som eit sekundært alternativ til fysiske møte.
5. Etter at innkallinga er sendt ut kan leiar for det folkevalde organet endre til fjernmøte dersom det oppstår uføresette hendingar som begrensar gjennomføring av møtet med fysisk oppmøte.
6. Det vert ikkje opna for at enkeltmedlemmer kan delta i ordinære folkevalde møte frå digitale plattformer.
7. Ved gjennomføring av eit fjernmøte, skal ein ha som hovudregel at medlemmene skal kunna sjå kvarandre, unntaket gjeld ved tekniske utfordringar. Då vil det vere mogleg å delta med lyd.
8. Dersom eit politisk møte vert gjennomført som eit fjernmøte, skal det vere høve for publikum og presse å følgja møtet med lyd og bilete.
9. Ved fjernmøte i kommunestyret skal det leggjast til rette for at open halvtime kan gjennomførast.

Rammer for fjernmøte vert teke inn i dei folkevalde organa sine reglement.
